

## MØTEINNKALLING

---

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

### INNKALLING TIL MØTE I SANDØY KONTROLLUTVAL

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**fredag, 19.03.2010 kl. 13.30 på  
rådhuset**

#### SAKLISTE:

- Sak 01/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 10. juli 2009
- ” 02/10 - Gards- og ættesoga
- ” 03/10 - Om KRD si arbeidsgruppe for styrking av eigenkontrollen i kommunane
- ” 04/10 - Kommunale gebyr i Sandøy kommune
- ” 05/10 - Orientering om statsbudsjett og kommuneøkonomi
- ” 06/10 - Kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Sandøy kommune

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Frode Brunvoll  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
SANDØY KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 10.juli 2009, kl. 1330  
Møtestad: Møterommet Rådhuset

Møtet vart leia av: Frode Brunvoll

Elles til stades:

Randi Molnes

= **2 voterande**

Fråverande: John Andreas Eivindsen

Frå Sandøy kommune møtte:

Leiar for tekniske tenester/ass. rådmann Per Sturla Sandøy

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 10/09**

**GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 15. MAI 2009**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 15. mai 2009 blir godkjent.

**SAK 11/09**

**KONTROLLRAPPORT 2008 VEDKOMANDE  
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN I SANDØY KOMMUNE**

Saksutgreiing datert 06.07.2009 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Sandøy kommune datert 10.02.2009 frå Skatteetaten til orientering.

**SAK 12/09**

**TERTIALRAPPORT 1. TERTIAL SANDØY KOMMUNE**

Saksutgreiing datert 06.07.2009 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet ser på arbeidet med å få forbruket i samsvar med budsjettet som viktig i inneverande budsjettår.
2. Kontrollutvalet har budsjettsituasjonen til observasjon.

**SAK 13/09**

**DOKUMENTASJON AV SJØLVKOSTPRINSIPPET INNAN VAR - OMRÅDET**

Saksdokument datert 06.07.2009 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek saka til foreløpig orientering.
2. Saka blir å realitetsbehandle i neste møte.

Frode Brunvoll  
leiar  
(sign.)

Randi Molnes  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 16.03.2010

**SAK 02/10  
GARDS- OG ÆTTESOGA**

Som vedlegg følger:

- Vedtak i sak PS 10/7

Vedtaket gir kontrollutvalet eit mandat for granskinga. Dagleg leiar i kontrollutvalsekretariatet har i fleire år vore varamedlem i utvalet og må reknast som inhabil til å forestå ei gransking. Kontrollutvalet må i møtet avgjere kven som skal utføre dette arbeidet og kven som skal vere saksbeandlar for utvalet når granskingsrapporten ligg føre.

På bakgrunn av ovanstående blir det ikkje lagt fram forslag til vedtak.

Harald Rogne  
daglig leder

## Vedtak:

1. Sandøy kommunestyre vedtek å vidareføre arbeidet med gards- og ættesoga ut oktober 2011 med arbeidet utført i to trinn. Trinn 1 inneber utgjeving av Band 2 av bokverket hausten 2010, innehaldande gardsnr. 4, 5 og 6. Trinn 2 inneber utgjeving av Band 1 av bokverket hausten 2011, innehaldande gardsnr. 1, 2 og 3.
2. Administrasjonen inngår ein ny avtale med forfattaren som skal framleggast for kommunestyret for godkjenning. Den nye avtalen skal baserast på følgjande pkt:
  - a) Tilsetjingsforholdet med Sandøy kommune vert endra og kommunen inngår ein kontrakt om å kjøpe "bokverket" til ein fast avtalt pris.
  - b) Prosjektet blir definert med delmål og hovudmål. Betaling forfell etterkvart som desse måla blir oppfylt.
3. Nye lågare økonomiske rammer må utarbeidast med ei realistisk vurdering av inntektsida ved sal av bøkene.

I 2002 vart det vedteke å sette i gang arbeidet med ættesoge. Prosjektet skulle koste 1,5 mill kr og ta 3 år. I tillegg kom kostnad med trykking. No etter 8 år og ca 4 mill kr er prosjektet kanskje snart halvferdig. På bakgrunn av dette ber formannskapet om at kontrollutvalet set i gong ei gransking av det som har skjedd i prosjektet heilt tilbake til starten.

Har det vore gjort gode klare nok vedtak? Kven har definert omfanget og kvalitet på saga? Og er det i tråd med vedtak?

Har det vore skrivi god nok avtale med forfattaren(ane)? Har arbeidet hatt god nok oppfølging? Er fakta som er utarbeidd materiale forfattaren(ane) sin eigedom absolutt? (juridisk vurdering).

Kva er grunnen til at ting har teke stadig lengre tid? Kva er grunnen til at antall sider/antall bind har auka?

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 16.03.2010

**SAK 03/10  
OM KRD SI ARBEIDGRUPPE FOR STYRKING AV EIGENKONTROLLEN I  
KOMMUNANE**

Som vedlegg følger:

- Ei spesifisering av 85 tilrådingar for styrking av eigenkontrollen i kommunane.

Arbeidsgruppa nemnt ovanfor leverte sin rapport 15. desember 2009. Et viktig formål med rapporten er rettleiing og kompetanseheving som kan bidra til at kontrollutval, revisjon og rådmann betre kan fylle sine roller i eigenkontrollsystemet.

Rapporten presiserer mange av dagens reglar, men gir også tilrådingar til lovendingar. Nokre av forslaga er lite konkrete.

Det er viktig at rådmannen skal rapportere til kommunestyret om arbeidet med internkontrollen (tiltak 25) og at dette bør kome som eit krav i kommunelova. Derimot er det litt uheldig at definisjonen på intern kontroll ikkje er heilt i samsvar med det som er gjengs i fagmiljøa i dag.

Vidare sviktar rapporten i å vere klar m.o.t. revisjonsmandatet. For kontrollutvalet er det eit særskilt viktig tema og det er også viktig i forholdet til arbeidsoppgåver for revisjon og kontrollutvalsekretariat.

Det blir lagt opp til ei drøfting av desse 85 punkta. Forøvrig er sjølve rapporten bestilt og denne kan delast ut i dette møtet eller eit komande møte.

Harald Rogne  
dagleg leiar

## 13 Oversikt over tilrådingane i del 2

### TILRÅDINGAR OM KONTROLLUTVALET

- Tilråding 1: Kontrollutvalet bør veljast på det konstituerande møtet, saman med formannskap og ordførar. På dette punktet bør kommunelova § 17 nr. 2 og 3 endrast.
- Tilråding 2: Det er behov for rettleiing om arbeidet i kontrollutvalet som er tilpassa behova til medlemmene i utvalet.
- Tilråding 3: Medlemmene i kontrollutvalet må få opplæring. Det er eit ansvar for kommunestyret å sørge for slik opplæring og tilstrekkelege ressursar.
- Tilråding 4: I kvar kommune bør ein gjennomføre ei drøfting av kva slags yrkes- og organisasjonserfaring, utdanning og forhold til andre folkevalde organ ein er tent med å ha i kontrollutvalet.
- Tilråding 5: I kvar kommune bør ein gjennomføre ei drøfting av kor mange medlemmer det bør vere i kontrollutvalet.
- Tilråding 6: Av pedagogiske omsyn bør kommunelova § 77 nr. 2 endrast slik at medlemmer i kommunestyrekomitear etter kommunelova § 10a kjem med i opprekninga av kven som er avskorne frå val til kontrollutvalet.
- Tilråding 7: Leiarar og styremedlemmer i kommunalt åtte selskap bør ikkje kunne sitje i kontrollutvala. Kommunelova bør endrast på dette punktet, og ein aktuell ordlyd i ei ny setning i § 77 nr. 2 kan vere: *"Det samme gjelder den som er leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for et selskap mv. som kan være gjenstand for selskapskontroll, jf. § 77 nr. 5."*
- Tilråding 8: Kommunelova bør endrast slik at møta i kontrollutvalet som hovudregel er opne møte. Konsekvensane for det praktiske arbeidet i kontrollutvalet bør bli nærare utgreidde, og det er behov for rettleiing til kontrollutvala før lovendinga eventuelt blir sett i verk.
- Tilråding 9: Ordninga med eige sekretariat for kontrollutvalet bør bli evaluert.
- Tilråding 10: Kompetansen og ressurstilgangen i sekretariata bør kartleggjast.
- Tilråding 11: Forskrifta om kontrollutval bør slå fast at korkje medlemmer av kontrollutvalet eller medlemmer av kommunestyret kan vere sekretær for kontrollutvalet. Ein aktuell ordlyd i kontrollutvalsforskrifta § 20 tredje ledd kan vere: *"Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til kommunens eller fylkeskommunens administrasjon. Den som utfører revisjonsoppgaver for den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen, kan ikke utøve sekretariatsfunksjoner for kontrollutvalget. Det samme gjelder medlemmer av kontrollutvalget eller kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen."*

#### TILRÅDINGAR OM INTERNKONTROLLEN

- Tiltråding 12: Kommunane må arbeide for å styrkje internkontrollen. Dette arbeidet må sjåast i samanheng med arbeidet med å sikre kvalitet i tenestene, effektiv ressursbruk og god folkevald styring.
- Tiltråding 13: Administrasjonssjefane må gjere seg opp ei meining om kva for tenking som har prega arbeidet med internkontroll i kommunen til no, og vurdere om andre modellar eller retningar vil høve betre for utviklinga framover.
- Tiltråding 14: Administrasjonssjefane bør basere den vidare utviklinga av internkontrollen på ein risikoanalyse.
- Tiltråding 15: Det er behov for rettleiing om gjennomføring av heilskaplege risikoanalysar i kommunane.
- Tiltråding 16: Kommunane bør basere seg mindre på uformell kontroll. Ei formalisering vil gjere kommunen mindre sårbar for skifte av personell, endringar i omgivnadene og habilitetskritikk og vil auke det organisatoriske minnet.
- Tiltråding 17: Kommunane bør i større grad nytte risikovurderingar i styringa av verksemda og særleg når ein skal definere innretninga på og omfanget av kontrollaktivitetar.
- Tiltråding 18: Kommunane bør i samanheng med behovet for auka formalisering av internkontrollen dokumentere internkontrollen i større grad.
- Tiltråding 19: Kommunane bør ha, bruke og halde ved like dokument som gjer greie for roller og ansvar. I tillegg bør kommunane i større grad inkludere kontrollansvaret i desse dokumenta.
- Tiltråding 20: Kommunane bør sikre arbeidsdelinga ved utforming og utføring av kontrollar. Prinsippet om arbeidsdeling vil seie at ein og same person ikkje skal vere ansvarleg for både aktiviteten og kontrollen.
- Tiltråding 21: Kommunane bør ha ei systematisk tilnærming til kompetanseutvikling og -sikring, gjennom opplæringstiltak og informasjon og ved rekruttering.
- Tiltråding 22: Kommunane bør i den løpande drifta av internkontrollen prioritere nok ressursar og prioritere naudsynt vedlikehald høgare. Sentralt i eit velfungerande vedlikehaldsregime er det at ansvaret for oppdatering/revidering av dokumentasjonen er tydeleg plassert. Det er vidare sentralt at oppdateringar/revideringar av til dømes risikovurderingar og dokumentasjon skjer regelmessig og i faste intervall, til dømes i eit internkontrollårshjul.
- Tiltråding 23: Kommunane bør etablere tiltak som sikrar god løpande informasjon og kommunikasjon til leiarar og medarbeidarar, og som sørgjer for at dei får naudsynt opplæring og kompetanse. Vidare må administrasjonssjefen ta ansvaret for å følgje opp internkontrollen systematisk og reagere ved avvik og brot.
- Tiltråding 24: Internkontrollarbeidet må henge saman med og vere del av organisasjonsutviklinga i kommunen.
- Tiltråding 25: Administrasjonssjefen bør årleg rapportere om arbeidet med internkontrollen til kommunestyret



## 13 Oversikt over tilrådingane i del 2

- Tilråding 26: Departementet bør vurdere korleis eit krav om at administrasjonssjefen skal rapportere til kommunestyret om arbeidet med internkontrollen, kan utformast og takast inn i kommunelova.

### TILRÅDINGAR OM INTERNKONTROLLEN MED ANSKAFFINGAR

- Tilråding 27: Kommunen bør ha tydelege retningslinjer for anskaffingar som mellom anna skil mellom rammeavtalar, direkteanskaffingar og avrop på rammeavtalar. Retningslinjene bør også ha beløpsgrenser for å skilje mellom ulike typar anskaffingar.
- Tilråding 28: Ansvar og roller i anskaffingsprosessen må definerast tydeleg. Særleg er det viktig å vere tydeleg på kva for anskaffingar som kan gjerast av resultateningane sjølve, og kva for nokre som skal gjerast av staben. Det må òg definerast i kva tilfelle staben skal involverast undervegs.
- Tilråding 29: Ansvar for anskaffingsprosessen bør vere tydeleg. Det vil seie ansvaret for policy og rutinar så vel som ansvaret for kontrollar for å sikre etterleving av prosesskrav og avtalar som kommunen har inngått.
- Tilråding 30: Kommunen bør lage eit system for oppbevaring av rammeavtalar, og avtalane må vere tilgjengelege.
- Tilråding 31: Kommunen bør lage eit system for kontraktsoppfølging som kan handtere endringsordrar og tilleggsarbeid. Dette området bør ha særskilde krav til kontrollaktivitetar som reduserer risikoen til eit akseptabelt nivå.
- Tilråding 32: Kommunen må ha kontrollaktivitetar knytte til bestilling, varemottak og utbetaling for å redusere risikoen for korrupsjon, mislegheiter og budsjettoverskridingar. Kommunen bør mellom anna ha rutinar for kontroll av fakturaer mot kontraktsvilkåra, bestilling og faktisk levering. Arbeidsdeling må sikrast.

### FLEIRE TILRÅDINGAR OM INTERNKONTROLLEN

- Tilråding 33: Internkontrollen til administrasjonssjefen må omfatte finansforvaltninga og vere tilpassa den risikoen som finansreglementet opnar for å ta.
- Tilråding 34: Det er behov for rettleiing til folkevalde i kommunestyra og i kontrollutvala om finansforvaltning og kontrollen med finansforvaltninga.
- Tilråding 35: Departementet bør vurdere revisor sine oppgåver i samband med rekneskapsrevisjonen med sikte på å klargjere om revisor skal vurdere om finansforvaltninga er i tråd med finansreglementet.
- Tilråding 36: Departementet bør vurdere omtalen i kommunelova av internkontrollansvaret til dagleg leiar i kommunale føretak. Ein aktuell presisering i § 71 nr. 2 kan vere: "*Daglig leder skal sørge for at foretaket drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at det er gjenstand for betryggende kontroll.*"

## Del 2 Aktørane og verkemidla i eigenkontrollen

- Tiltråding 37: Staten bør sørge for at kommunane får ei oppdatert oversikt over føresegner i lover og forskrifter som det er eit krav at dei følgjer opp med internkontroll.
- Tiltråding 38: Det er behov for ein rettleiar som gir konkrete råd til administrasjonssjefar og andre om arbeidet og utfordringane med internkontroll i kommunane. Rettleiaren bør mellom anna omtale gjennomføring av risikovurderingar, utforming av kontrollaktivitetar, oppfølging og vedlikehald av kontrollregimet og samspelet mellom internkontrollen og andre delar av eigenkontrollen og styringssystemet.

### TILRÅDINGAR OM REKNESKAPSREVISJON

- Tiltråding 39: Det er behov for rettleiing retta mot til kontrollutvalsmedlemmene om kva revisor gjer i rekneskapsrevisjonen. Rettleiinga bør bidra til at ein unngår vanlege misforståingar om kva revisor gjer og ikkje gjer.
- Tiltråding 40: Det er behov for rettleiing om kontrollutvalet sitt påse-ansvar overfor rekneskapsrevisor. Kontrollutvala bør få vite om rolla til revisor, dei formelle krava til revisor og gode spørsmål som ein kan stille revisor for å etablere ein dialog og for å få informasjon om arbeidet hennar eller hans.
- Tiltråding 41: Kompetansen i kommunal revisjon bør kartleggjast.
- Tiltråding 42: Departementet bør vere svært tilbakehalde med å dispensere frå kravet til utdanninga til oppdragsansvarleg revisor, jf. revisjonsforskrifta § 11 tredje ledd. Dersom det blir dispensert, bør dispensasjonen berre gjelde for ein avgrensa periode.
- Tiltråding 43: Den som reviderer ein kommune, må som andre revisorar sørge for å ha eller skaffe seg tilstrekkeleg fagleg kompetanse.
- Tiltråding 44: Kommunane som eigarar bør vurdere storleiken på den interkommunale revisjonseininga dei er medeigar i, mellom anna med tanke på behovet for eit sterkt fagmiljø innanfor både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Styret og revisjonsmiljøa sjølve bør vurdere det same.
- Tiltråding 45: Kontrollutvala bør be revisor orientere om det interne kvalitetsarbeidet sitt og om den kvalitetskontrollen ho eller han gjennomgår som medlem i NKRF eller andre organisasjonar.
- Tiltråding 46: Det bør vere statleg tilsyn med revisorar som reviderer kommunale rekneskapar, på linje med det som gjeld for revisorar som er omfatta av revisorlova. Tilsyn frå Kredittilsynet står fram som mest aktuelt. Statleg tilsyn bør utgreiast også når det gjeld forvaltningsrevisjon.
- Tiltråding 47: Det bør etablerast ei sertifiseringsordning for oppdragsansvarlege revisorar i kommunane, både for personar som driv rekneskapsrevisjon, og for dei som driv forvaltningsrevisjon. Ei utgreiing av ei sertifiseringsordning bør gjere greie for ordningar og erfaringar frå andre nordiske land. Utgreiinga bør òg sjå på konsekvensane av statleg tilsyn på dette området og vurdere moglegheitene for ein felles sertifiseringsordning for revisjon i kommunal og statleg sektor i Noreg.

## 13 Oversikt over tilrådingane i del 2

- Tilråding 48: Kommunane bør vurdere om det vil vere tenleg å skifte oppdragsansvarleg revisor seinast kvart sjuande år.
- Tilråding 49: Revisor bør orientere kontrollutvalet om kva ho eller han gjer i samband med å sjå etter at den økonomiske internkontrollen er ordna på ein "betryggende" måte og med forsvarleg kontroll. På bakgrunn av orienteringa bør kontrollutvalet vurdere behovet for å tinge forvaltningsrevisjon av den økonomiske internkontrollen og internkontrollen elles.
- Tilråding 50: Det kan vere behov for å klargjere kva som er innhaldet i og omfanget av revisor sine oppgåver når det gjeld den økonomiske internkontrollen etter revisjonsforskrifta § 3. Eit eventuelt arbeid med klargjering må ta utgangspunkt i gjeldande forskrift, og bør seie noko om behovet for å sjå etter internkontrollen (til dømes på særskilde område som anskaffingar) og om kva som følgjer av revisorlova § 5-1 andre ledd. Eit eventuelt arbeid kan òg ha som mål å utarbeide ein forklarande tekst som kan supplere dei merknadene KRD hadde til forskrifta i 2004.

### TILRÅDINGAR OM FORVALTNINGSREVISJON

- Tilråding 51: Det er behov for nasjonal statistikk om bruken av forvaltningsrevisjon. Tal kvart fjerde år vil vere tilstrekkeleg.
- Tilråding 52: Rapporten etter ein forvaltningsrevisjon bør skrivast slik at han er lett å lese og lett å finne fram i. Samandraget bør skrivast slik at det kan lesast av alle samfunnsengasjerte innbyggjarar.
- Tilråding 53: Det bør leggjast stor vekt på den vurderinga av risiko som skal liggje til grunn for den overordna analysen. Arbeidet med den overordna analysen bør sjåast i samanheng med anna liknande arbeid som er gjort i kommunen, til dømes i samband med internkontrollen.
- Tilråding 54: Det er behov for rettleiing til medlemmene i kontrollutvalet om den overordna analysen med nokre døme på korleis slike analysar kan gjerast.
- Tilråding 55: Kontrollutvala bør leggje forvaltningsrevisjonsrapportar som er ferdigbehandla ut på nettet, så framti dei er offentlege.
- Tilråding 56: Det bør vere rettleiing og arenaer for erfaringsutveksling der kontrollutvala og sekretariata kan få kunnskap om korleis dei kan gjere gode tingingar.
- Tilråding 57: Kommunane bør som eigarar eller tingarar utfordre revisjonseiningane på korleis dei organiserer verksemda og prosjekta, med tanke på å få høgast mogleg kvalitet på forvaltningsrevisjonane.
- Tilråding 58: Revisor bør orientere kontrollutvalet om korleis revisjonsarbeidet er planlagt, og kva det omfattar og ikkje omfattar. Kontrollutvalet har eit ansvar for å skaffe seg denne informasjonen, jf. kontrollutvalsforskrifta § 6.
- Tilråding 59: Kontrollutvala bør oppmode revisor til å gjere kontrollutvalet merksam på område der utvalet bør vurdere å tinge forvaltningsrevisjon og andre kontrollar.

## Del 2 Aktørane og verkemidla i eigenkontrollen

- Tiltråding 60: Eit tema for forskning er kva revisor i kommunane faktisk gjer som ledd i rekneskapsrevisjonen, mellom anna når det gjeld den økonomiske internkontrollen. Funna i kartlegginga bør samanliknast med lovverk, praksis og revisjonsstandardar, i Riksrevisjonen og i kommunesektoren i dei nordiske landa. Dette kan vere grunnlag for på eit seinare tidspunkt eventuelt å vurdere om det er behov for endringar i forskrifta, endringar når det gjeld revisjonsstandardar, rettleingsmaterieil eller anna.

### TILRÅDINGAR OM SELSKAPSKONTROLL

- Tiltråding 61: Departementet bør klargjere bruken av omgrepa om selskapskontrollen i kontrollutvalsforskrifta og revisjonsforskrifta.
- Tiltråding 62: Administrasjonssjefen bør sørge for at folkevalde og innbyggjarar lett kan finne informasjon med oversikt over selskap og anna som kommunen har eigarluter i. Lista bør òg vise kommunale føretak i kommunen, § 27-samarbeid, vertskommunesamarbeid og dessutan stiftingar som kommunen har vore med på å skipe.
- Tiltråding 63: Kommunane som eigarar bør avtale korleis selskapskontrollen best kan samordnast mellom eigarkommunane.
- Tiltråding 64: Departementet kan vurdere om samordningsansvaret for selskapskontroll med forvaltningsrevisjon bør vere eit obligatorisk element i vedtektene for interkommunale selskap.
- Tiltråding 65: Som ei orientering til kommunane og kontrollutvala deira bør selskap med fleire kommunar som eigarar opplyse i årsmeldinga om dei selskapskontrollane som er gjennomførte i løpet av året.
- Tiltråding 66: Kommunelova § 80 bør endrast slik at føresegna heimlar innsyn i samarbeid etter kommunelova § 27 som er eige rettssubjekt. Ein aktuell ordlyd kan vere: *"I interkommunal eller interfylkeskommunal virksomhet som omhandlet i § 27, i interkommunale selskaper etter lov 29. januar 1999 nr. 6 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner eller fylkeskommuner eier alle aksjer, og i heleide datter- og datterdatterselskaper til slike selskaper, har kommunens ..."*
- Tiltråding 67: Overskrifta i kommunelova § 80 bør endrast slik at ho dekkjer innhaldet i føresegna. Ein aktuell ordlyd kan vere: *"Innsyn i selskaper mv."*
- Tiltråding 68: Det er behov for forskning på selskapskontroll i samanheng med den samla folkevalde styringa og kontrollen med kommunalt åtte selskap, føretak og andre einingar. Forskinga kan vere eit grunnlag for eventuelt å vurdere endringar i regelverket, mellom anna reglane om selskapskontroll, for å sikre effektiv folkevald kontroll.
- Tiltråding 69: Det er behov for å forske på korleis kommunale føretak blir styrte, og kor effektiv kontrollen er, både med tanke på internkontrollen og på folkevald styring og kontroll.
- Tiltråding 70: Det er behov for nasjonal statistikk om bruken av selskapskontroll. Tal kvart fjerde år vil vere tilstrekkeleg.

## 13 Oversikt over tilrådingane i del 2

### **TILRÅDING OM KONTROLLEN MED LØYVINGANE TIL DEI KYRKJELEGE FELLESRÅDA**

- Tilråding 71: Kommunane bør sikre at dialogen med fellesrådet er tilstrekkeleg og god.
- Tilråding 72: Dersom det er ønskjeleg lokalt, kan kommunen stille vilkår om kontroll med dei kommunale tilskota til fellesråda. Ein kan her tenkje seg eit vilkår om at kommunen har rett til å føre kontroll med at midlane blir nytta etter føresetnadene.

## **20 Oversikt over tilrådingane i del 3**

### **TILRÅDINGAR OM SAMSPLET MELLOM KOMMUNESTYRET OG KONTROLLUTVALET**

- Tilråding 73: Kommunestyra må setje av tilstrekkelege ressursar til kontrollutvalet sitt arbeid, mellom anna til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.
- Tilråding 74: Rolla som medlem i kontrollutvalet tilseier at ein ikkje tenkjer parti, men kontroll.
- Tilråding 75: Det er behov for rettleiing om rolla og arbeidet som medlem i kontrollutvalet. Rettleiinga bør få fram hovudtrekk i dei forventningane og rettane som ligg til rolla som medlem i utvalet, mellom anna i lova og forskrifta. Rettleiinga bør òg få fram ulike personlege erfaringar om korleis kontrollutvalet og medlemmene kan lukkast med oppgåvene og ansvaret sitt. Rettleiinga bør vidare få fram korleis ordføraren, administrasjonssjefen, revisoren og sekretariatet kan medverke til at kontrollutvalet lukkast.
- Tilråding 76: Kommunestyra må forstå og ta ansvaret for å leggje til rette for ein velfungerande eigenkontroll. Dette handlar òg om tilstrekkelege løyvingar.

### **TILRÅDINGAR OM SAMSPLET MELLOM KONTROLLUTVALET OG ADMINISTRASJONSSJEFEN**

- Tilråding 77: Kontrollutvalet bør sende kopi av møteinnkallingane sine til administrasjonssjefen for å halde henne eller han orientert.
- Tilråding 78: Administrasjonssjefen bør trekkjast inn i arbeidet med den overordna analysen som ligg til grunn for planen for forvaltningsrevisjon.

### **TILRÅDINGAR OM SAMSPLET MELLOM REVISJONEN OG ADMINISTRASJONSSJEFEN**

- Tilråding 79: Det er behov for rettleiing retta mot kontrollutvalet som gjer greie for kva revisor ser etter i revisjonsarbeidet, kva for tilhøve administrasjonen må gi informasjon om til revisor, og rapporteringa frå revisor tilbake til kommunen.
- Tilråding 80: Revisjonsrapportar bør ikkje vere offentlege før kontrollutvalet har motteke den endelege rapporten med innarbeidde merknader frå administrasjonssjefen. Offentleglova § 5 bør bli endra slik det same gjeld i kommunane som i staten (Riksrevisjonen).
- Tilråding 81: Det bør vere tilstrekkelege moglegheiter til å nekte innsyn i dokument som blir sende mellom kontrollutvalet og revisoren på den eine sida og andre delar av kommunen på den andre. Det tilsvarande gjeld for dokument som blir sende mellom kontrollutvalet og revisoren. Offentleglova bør derfor evaluerast på dette punktet.

### **TILRÅDINGAR OM SAMSPLET MELLOM EIGENKONTROLLEN OG FYLKESMANNEN**

- Tilråding 82: Departementet bør avklare i kva grad kommunale revisorar kan og skal melde frå i tråd med krava i kvitvaskingslova.

### Del 3 Samspelet mellom aktørane

- Tiltråding 83: Kommunane bør sørge for at tilsynsrapportar blir behandla på ein eigna måte i dei folkevalde organa i kommunen.
- Tiltråding 84: Sekretariatet bør sørge for å halde kontrollutvalet orientert om planar og rapportar frå statlege tilsynsmyndigheiter som har interesse for kommunen og kontrollarbeidet.
- Tiltråding 85: Fylkesmannen bør i samband med planlegging og gjennomføring av tilsyn halde seg orientert om planar og resultat i den kommunale eigenkontrollen. Det bør vere eit mål at kommunar ikkje får tilsyn på område der dei nyleg har gjennomført eller snart skal gjennomføre forvaltningsrevisjon. Dette bør gå fram av relevante styringsdokument frå departementa til fylkesmannen.

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 16.03.2010

**SAK 04/10  
KOMMUNALE GEBYR I SANDØY KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Internt notat frå teknisk sjef

På bakgrunn av vedtak i kontrollutvalet om å bli nærare orientert om kommunen sine gebyr på vatn, avløp, renovasjon og slam, har kontrollutvalet motteke ei skriftleg orientering frå teknisk sjef. Denne orienteringa vart gjennomgådd i kontrollutvalet sitt møte 10.07.2009.

Følgjande samrøystes vedtak vart gjort:

1. *Kontrollutvalet tek saka til foreløpig orientering.*
2. *Saka blir å realitetsbehandle i neste møte.*

Av orienteringa går det fram at det ikkje har blitt gjort vedtak i kommunestyret om innføring av sjølvkostprinsippet. Kommunen har likevel lagt seg på ein praksis som om sjølvkostprinsippet er innført. Sjølvkostprinsippet er heller ikkje nedfelt i dei lokale forskriftene for vatn og avløp og går ikkje fram av dei årlege gebyrvedtaka. Det er uklart kvifor denne praksisen har blitt nytta.

For renovasjon og slam derimot er sjølvkostkravet lovbestemt og krev ikkje eige vedtak.

***Nærare om sjølvkostprinsippet***

For ei rekkje kommunale tenester er sjølvkost sett som ei øvre grense for lovleg brukarbetaling. Bakgrunnen for dette er å unngå skjult skattlegging og at brukarbetaling ikkje skal vere med på å finansiere anna kommunal verksemd. Dette gjeld også vatn, avløp og renovasjon.

Vatn, avløp og renovasjonstenestene er underlagt fleire lover, forskrifter og andre reglar:



- Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974
- Lov om vern mot forurensning og om avfall av 13. mars 1981
- Forskrift om begrensning av forurensning (2004)
- Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester (H-2140) januar 2003, KR D
- Veileder om beregning av kommunale avfallsgebyr (januar 2004, SFT)

Kommunal- og regionaldepartementet kom i 2003 med nye retningslinjer for beregning av selvkost. Her blir selvkost definert som meirkostnaden kommunen blir påført ved må produsere ei vare eller teneste. Både forskrifter og retningslinjene H-2140 frå KR D gir føringar for korleis selvkostprinsippet skal praktiserast. Hovudtrekka er desse:

- Utgifter og inntekter, både direkte og indirekte, som inngår i avgiftsgrunnlaget skal ha ein direkte og normal samanheng med drifta av tenestområdet.
- Det skal reknast kapitalkostnader uavhengig av korleis investeringane er finansiert.
- Nettokostnaden knytt til investering i varige driftsmidlar skal fordelast over levetida til driftsmiddelet gjennom årlege linære avskrivningar.
- Selvkostfond kan ikkje nyttast til investeringsføremål.
- Det skal reknast kalkulatoriske renter på all bunden kapital.
- Gebyra for ei teneste skal fastsetjast på grunnlag av eit overslag over kostnadene for produksjon av tenesta og gebyrinntekter og kostnader skal balansere over ein 3-5 års periode.
- Ved utgangen av året skal kommunen foreta ein etterkalkulasjon av reelle kostnader for å kontrollere at gebyrinntektene ikkje overstig selvkost.
- Der etterkalkulasjonen viser eit overskot, skal dette avsettast til bunde fond. Tilsvarande kan eit underskot dekkjast gjennom bruk av fond dersom dette følgjer av lova eller kommunestyret før inntektsåret har fatta eit prinsippvedtak om at eigenbetaling ut frå selvkost skal leggjast til grunn for brukarbetalinga for tenesta.
- Selvkostfond skal godskrivas med kalkulatoriske renter på bunden kapital. Dette skal reflektere alternativavkastninga abonnentane går glipp av ved at midlane deira er bundne i fondet.
- Dersom det er grunnlag for å framføre underskot, kan kommunen tilsvarande rekne seg kalkulatoriske renter på underskotet.
- Selvkostfond skal balansere inntekter og kostnader over ein 3-5 års periode.
- Utrekningane knytt til selvkost skal dokumenterast, jf god kommunal rekneskapskikk.
- Informasjon om selvkostberekning innan dei ulike selvkostområda skal gå fram av årsrekneskapen.

Når kommunestyret fastset storleiken på gebyra, og selvkostprinsippet er nytta, ligge føre tilstrekkeleg informasjon til å kunne vurdere om gebyrinntektene vil overstige kostnadene, også sett i ein framtidig 3-5 års periode. Det blir her vist til Forskrift om begrensning av forurensning § 16-1.

Ut i frå det som kjem fram ovanfor, skal det ligge føre dokumentasjon på selvkost både i saksdokumenta som blir førelagt kommunestyret ved fastsetting av dei kommunale gebyra og i etterkant (m.a. i årsrekneskapen).

Ettersom kommunen ikkje har fatta vedtak om å bruke selvkostprinsippet, er det lite føremålstenleg å gå meir inn på dette temaet enn det som går fram ovanfor.

## *Praksis i kommunen*

Tabellen under er med unntak av tala frå 2004, henta frå vedlagte notat utarbeidd av teknisk sjef. Tabellen inneheld talmessige feil, men gir likevel saman med årsrekneskapane eit bilete av storleiken på kommunen sine sjølvkostfond. Det er relativt store fond på vatn og avløp som skriv seg frå overskot gjennom fleire år på gebyrområda.

År	Vatn endringar	Vatn Saldo	Avløp endringar	Avløp saldo	Renov. endringar	Renov. Saldo	Slam Endringar	Slam Saldo
2004		1.159.722		365.398		585.652		210.149
2005	-25.789	1.157.126	17.715	383.114	414.423	4.940.303	-10.451	224.802
2006	64.923	1.256.763	55.074	449.681	104.984	1.125.362	106.655	338.201
2007	192.400	1.511.974	111.204	583.385	126.914	1.188.964	5.946	361.048
2008	118.981	1.714.067	-181.968	264.646	-95.663	1.323.784	144.967	525.972

Når det gjeld vatn og avløp, vil det vere slik at utan vedtak om sjølvkost må underskot dekkjast av kommunen medan overskot blir å tilbakeføre til abonnentane. Det er dermed ikkje høve til å framføre underskot mot overskot.

Renovasjon (og slam) derimot har andre rammebetingelsar. Innan renovasjon der sjølvkost er lovpålagt, kan ein balansere utgifter og inntekter over ein 3-5 års periode slik at underskot kan bli framført mot overskot. Fondsmidlar som er eldre enn 5 år må godskrivast abonnentane. Dette gjer ein ved å føre fondsmidlar til inntekt for den aktuelle tenesta. Denne inntektsføringa dekker då deler av kostnaden for tenesta og gir grunnlag for å redusere gebyra. På denne måten blir fondsmidlane tilbakeført til abonnentane.

Ettersom kommunen har sjølvkost på renovasjon, må regelverket som gjeld for sjølvkostprinsippet nyttast for denne tenesta. Det er derfor nødvendig, når kommunestyret fastset storleiken på gebyra at det ligg føre tilstrekkeleg informasjon til å kunne vurdere om gebyrinntektene vil overstige kostnadene, også sett i ein framtidig 3-5 års periode. Det blir her vist til Forskrift om begrensning av forurensing § 16-1. Sjølvkost skal også vere dokumentert i etterkant. Ein eigen note i kommunerekneskapen er påkrevd.

Sandøy kommune har i liten grad innretta seg etter sentrale lover og forskrifter.

## *Konklusjon*

Tabellen ovanfor viser at kommunen har store sjølvkostfond. Den viser også at underskot har blitt motrekna mot akkumulerte overskot og at store deler av fonda er eldre enn 5 år. I samsvar med gjeldande regelverk må det som er nemnt ovanfor gjerast tilbakeføringar til abonnentane.

På bakgrunn av ovanstående blir saka fram for kommunestyret med forslag om slik

**innstilling:**

1. Kommunestyret ber om tilbakeføring til abonnentane for mykje innkrevd gebyr og etablering av ein gebyradministrasjon i samsvar med regelverket.
2. Kommunestyret ber om å få seg førelagt ei sak for vurdering av sjølvkostprinsippet i Sandøy kommune.

Harald Rogne  
dagleg leiar



Vår ref:  
2009/82-0

Saksbeh:  
Per Sturla Sandøy

Arkivkode:

Dato:  
22.02.2009

---

**Til: KONTROLLUTVALET I SANDØY**

---

## **ORIENTERING VAR - OMRÅDET**

Viser til orientering i møte med kontrollutvalet og seinare førespurnad om å kome med denne orienteringa skriftleg.

VAR-området i Sandøy kommune er delt i 4 eigne gebyrområde.

- 1 Vatn**
- 2 Avløp**
- 3 Renovasjon**
- 4 Slam**

### **Lovverket:**

Det generelle lovverket for området reknar eg med at kontrollutvalet er godt kjend med. Eg tek det derfor ikkje med her. Vil berre nemne at det føreligg ikkje eigne k-styrevedtak på at desse gebyrområda skal vere sjølvfinansierande. For renovasjonen er dette, utifrå at forureinaren sjølv skal betale, lovbestemt. Dei siste åra har også dei andre områda sine utgifter og inntekter i budsjettet vore like. Sjølv om det ikkje har vore gjort i vår kommune, er det ikkje noko i vegen for ei kommunal subsidiering av VA-området.

Det er ein del fellesoppgåver og prosedyrar for desse områda.

### **Rekneskapssystemet**

Kommunen er liten og oversiktleg og vi har derfor i samarbeid mellom teknisk og økonomikontor satsa på at vi ikkje fører eigne "gebyrrekneskap" på teknisk for desse områda, men nyttar den ordinære rekneskapen også som grunnlag for gebyrfastsettinga.

Det blir (førebels) ikkje føreteke gebyrjustering i rekneskapsåret. Overskot /underskot blir avrekna mot driftsfond, eige fond for kvart gebyrområde.

Fonda blir kvart år tillagt renter. Det er nytta same rentefot som blir nytta for kommunen sin restkapital i områda. Det blir ikkje rekna renter av årstillegget/frådraget.

**Oversikt over fonda går fram av både kommunerekneskap og årsmelding for tekniske tenester.** I tabellen er det for 2008 er brukt berre årsmeldinga.

Indirekte kostnader som administrasjon, planlegging, og med oss også ingeniørutgiftene til drift (eigentleg direktekostnader), blir fordelt etter skjøn fastsett på grunnlag av erfaring og egne notat. Dersom vi t.d skal fordele driftsingeniørstillinga på dei forskjellige ansvarsområda, vil %-delen på kvart område kome under det som ligg i kostra-systemet.

Bruken av uteavdelinga på teknisk blir fordelt etter timelister. For 2008 vart det nytta ein timespris på kr 290 . Ei minimal justering vart føreteke ved årsoppgjeret.

### **Fakturasystemet.**

Faktura blir, i samsvar med vedtektene, sendt ut til abonnentane 4 gonger for året.

Med dette kravet er også feiegebyret (ikkje VAR-gebyr) med. Det er økonomikontoret som, etter oppgave frå teknisk, sender ut krava om gebyr.

Dei som betalar avgift for VA-etter målt mengde får 3 a-konto faktura og årsoppgjer etter siste kvartal.

Når det gjeld tilknytingsgebyr, også ein del (svært liten del) av gebyrgrunlaget, blir det sendt ut om lag etter kvart som tilknytningane skjer.

For om muleg å få ei betre oversikt set eg opp 3 tabellar før vi går inn på kvart gebyrområde.

### **Tabell over**

indirekteutgifter frå økonomikontoret og felles indirekte/direkte utg frå teknisk avdeling.

Årstal	Utg. vatn	Utg. avløp	Utg. renovasj	Utg. slam
2005	207 000	72 000	127 000	47 000
2006	217 000	72 000	97 000	45 000
2007	244 000	72 000	107 000	34 000
2008	234 000	73000	117000	34 000

### **Tabell over**

bruk og status for driftsfonda for VAR-området

År	Vatn		Avløp		Renov		Slam	
	endring	saldo	endring	saldo	endring	saldo	endring	saldo
2005	25789	-1 157 126	-17 715	-383 114	-414 423	-4940303	10 451	-224 802
2006	-64 923	-1 256 763	-55 074	-449 681	-104 984	-1 125 362	-106 655	-338 201
2007	-192 400	-1 511 974	-111 204	-583 385	-126 914	-1 188 694	-5 946	-361 048
2008	-118 981	-1 714 067	181 968	-264 646	95 663	- 1 323 794	-144 967	-525 972

Det er ein feil i avsetning mellom avløp og renovasjon. ( Kr 165. 032) Dette vil bli oppretta i 2009 ( totaliteten er rett )

**NB: saldo er inkl rentetillegget.**

### **Tabell over**

Gebyr for eit ”vanleg” bustadhus med bruksareal 120 kvm

Årstal	vatn	avløp	renovasjon	slam
2003	2900	1060	1600	658
2004	2780	950	1650	680
2005	2680	900	1900	650
2006	2680	900	1900	650
2007	2680	900	1900	650
2008	2680	900	1900	620
2009	2410	858	1900	560

## **Kommentar:**

Gjennomgåande kan ein slå fast at fonda er større enn det som er nødvendig for å sikre variasjonane i drifta. Hovudårsaka er at avskrivingsreglane vart endra slik at levetida for m.a. rør i grøft vart auka frå 20 til 40 år. For 2008 hadde vi rekna med ein god del større rentebelastning enn det som til slutt vart reeelt.

For ikkje å få for store svingingar i gebyra er planen å redusere gebyra over t.d 3 år. Som det går fram av tabellen er det ein vesentleg reduksjon for 2009.

## **Så litt om kvart felt**

### **Vassforsyning.**

Her er det store utfordringar for å skifte ut eksisterande eternitrør. Kostnaden blir delvis på drift og delvis som investering, i alle høve er det abonnentane som til slutt får rekninga. På grunn av sterkt pressa entreprenørmarknad er ein del utskifting sett på vent. Det ser no ut til at det, sett i frå tiltakshavar, kan gå mot betre tider.

Eg vil også legge til at vårt ledningsnett inneheld ein svært stor del sjøledningar. Ein lekkasje på til dømes ledninga til Ona kan fort kome på 2-400 000 + følgjeutgifter med å opprettehalde ei eller anna reserveforsyning. Når det gjeld eventuell kollaps på sjøledninga inn til kommunen reknar vi med å bruke brunnbåt til reserveforsyning. Dette er utgifter som det ikkje er teke omsyn til i dei årlege budsjetta. Her føreset vi at avsette fond må til for å dekke utgiftene.

### **Avløp:**

Dette er eit mindre område innafor VAR. Vi ser ikkje fondet som vesentleg større enn behovet, og reknar med å vere "på plass" innan av 2009/2010.

### **Renovasjon**

Dette er no eit felles ansvarsområde for både miljøstasjonen (tidlegare Breivika avfallsplass) og sjølve drifta av hushaldningsavfall levert både frå bedrifter og næringsdrivande.

Normalt skal det først eigne rekneskap for private og næringslivskundar. Dette er utifrå at for private er det tvungent, og det er ikkje tillate å tene eller subsidiere avgiftene.

Både dei næringsdrivande og politisk leiing har ynskje om at kommunen skal ha eit tilbod også til næringslivet (kvar for oss er vi for små til at noko anna vil opprette eit tilbod).

Vi har valt ein felles rekneskap utan å ta noko forteneste på næringsavfallet. Vi nyttar same satsane på begge type abonnement. På denne måten slepp ein problemet med at dei som har tvungen ordning er med på å subsidiere dei som står fritt til å nytte ordninga. I kostra-rapporteringa blir avfallet delt på funksjonane etter abonnementslistene.

Frå og med 2010 vil ÅRIM vere oppe å gå, og vi reknar med store endringar både i hente- og gebyrsystem. Når det gjeld vurdering av storleiken på fondet må ein ta omsyn til at det skal utarbeidast ein avsluttingsplan for fylling i Breivika. I samband med godkjenning av denne planen må vi rekne med at fylkesmannen krev avsett fond for sikring av oppfylling.

Vi tek sikte på at også dette fondet blir redusert innan 1- 2 år.

## **Slam**

Dei årlege variasjonane kjem for det meste av at rodene ikkje er like kvart år. Likevel, fondet er i største laget og vil bli redusert dei første 2-3 åra.

Dette ansvaret skal også frå oppstarten av ÅRIM inn i det selskapet.

## **Avslutting**

Etter vårt skjøn blir desse tenestene drivne utan nokon form for krysssubsidiering. Når både etaten og tenestene er for små til å fungere som eigne organisasjonar, vil ein nødvendigvis få ein del skjøn ved fordeling av fellesutgifter. Fordelinga er basert på lang og detaljert kunnskap om kvart tenesteområde. Vi kan legge til at dette er både fordelene og ulempa ved å vere liten i samfunnet.

I framtida trur vi at både kommunen som tenesteleverandør og abonnentane må rekne med at det blir vesentleg høgre krav til kvalitet og mangfald i tenestene. Dette vil sjølvsagt gi utslag i gebyrsystem og også storleiken på gebyra.

På vegne av administrasjonen håper eg at denne utgrininga, saman med den munnlege i møtet, vil vere tilstrekkeleg dokumentasjon til at kontrollutvalet kan danne seg eit bilde av VAR-området i kommunen.

Eg oppfatta førespurnaden frå kontrollutvalet til å gjelde dei økonomiske forhold kring VAR-tenestene. Der er andre og større utfordringar som vil måtte løysast i åra som kjem, t.d miljø og leveringstryggleik både med omsyn til mengde og kvalitet, samt valmulegheit for abonnenten. Slik eg ser det no, er det berre meir interkommunalt samarbeid som vil gi styrke til å greie dette på ein måte som også blir akseptert av brukarane.

Per Sturla Sandøy  
Teknisk sjef

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 16.03.2010

**SAK 05/10**  
**ORIENTERING OM STATSBUDDSJETT OG KOMMUNEØKONOMI**

Som vedlegg følgjer:

- Brev frå Møre og Romsdal fylke datert 13.10.2009

Av brevet går det fram at realauken i kommunesektoren sine samla inntekter vil vere på ca 8 milliarder kroner og auken i frie inntekter er på ca 4,2 milliarder kroner. Den reelle veksten i frie inntekter skal vere auka med 3 prosent. Regjeringa legg til rette for ein betre økonomisk balanse i kommunane og styrking av tenestetilbodet. Det blir for øvrig vist til vedlagte dokument.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek saka til orientering

Harald Rogne  
daglig leder



KOPI



Møre og Romsdal fylke



Kommunane i Møre og Romsdal

Dykkar ref: Dykkar dato: Vår ref: Vår saksbehandlar: Vår dato:  
FM: 2009/3477/TESA/331.2 Terje Tveiekrem Sæter, 71 25 84 49 13.10.2009

## Statsbudsjettet 2010 og ordinært skjønstilskot

Vi vil her gå gjennom dei viktigaste punkta i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2010. Vidare vil vi gjere greie for vår tildeling av skjønsmidlar for 2010. Først vil vi sjå på hovudtala for heile kommunesektoren, det inkluderar også fylkeskommunane. Her vil vi fokusere på tal som syner den reelle veksten i inntektene. Deretter vil vi sjå på tala for kommunane i Møre og Romsdal deriblant det ordinære skjønstilskotet for 2010.

### Kommunesektoren samla

Realauka på om lag 8 milliardar i sektoren si samla inntekt er målt mot tal frå revidert nasjonalbudsjett (RNB). Auken tilsvarar 2,6 prosent. Dette er 2 milliardar kroner meir enn varsla i kommuneproposisjonen. Kommunesektoren sine totale inntekter er rekna til å kome på om lag 333 milliardar kroner i 2010. Av dette er om lag 226 milliardar frie inntekter. Dette utgjer om lag 17 prosent av bruttonasjonalprodukt (BNP) for fastlands-Noreg. Regjeringa sitt forslag gir eit overslag på 40,9 milliardar i reell inntektsauke sidan 2006, av dette er 19,9 milliardar vekst i dei frie inntektene.

Auka i sektoren si samla inntekt kan fordelast slik:

- Auke i frie inntekter: 4,2 milliardar kroner
- Auke i øyremerka overføringar: 2,8 milliardar kroner
- Forsterka opplæring med meir: 0,7 milliardar kroner
- Auka gebyrinntekter: 0,2 milliardar kroner

I desse tala er det tatt høgde for ein kommunal deflator som er førebels rekna til 3,1 prosent for 2010.

### Auke i frie inntekter

Det viktigaste talet for kommunane er auken i frie inntekter som er forslått til vel 4,2 milliardar kroner i 2010. Dei frie inntektene er rammetilskot og skatteinntekter og utgjer i underkant av 70 prosent av kommunesektoren sine samla inntekter i 2010. Kommunane står fritt til å disponere desse pengane i tråd med lokale prioriteringar, innanfor ramma av gjeldande lovar og regelverk.

Auken i dei frie inntektene er grunngjeve slik:

- 230 millionar kroner til styrking av det førebyggjande helsearbeidet i kommunane i samband med samhandlingsreforma.
- 1 milliard kroner til fylkeskommunane knytt til nye samferdselsoppgåver.
- Auka demografikostnadar. Talfesta til om lag 1,5 milliardar kroner.
- Fleire nye årsverk i pleie og omsorg i tråd med Omsorgsplan 2015.
- Styrking av det kommunale barnevernet med 400 årsverk på landsbasis.
- Styrking av skuletilbodet:
  - Éin time meir per veke frå hausten 2010, fordelt på 1. – 7. trinn.
  - Åtte timar gratis leksehjelp frå hausten 2010, fordelt på 1. – 4. trinn.
  - Investeringsramma for rentekompensasjonsordninga for skulebygg og symjeanlegg aukast med 2 milliardar kroner. Ein budsjetteffekt på 28 millionar kroner.
  - Vidareføring av det midlertidige tillegget til lærlingtilskotet i tiltakspakka.

Kommunane får om lag 2,73 milliardar av auken i dei frie inntektene, fylkeskommunane 1,5 milliardar kroner. Det kommunale skatteøret er satt til 12,8 prosent. Identisk med 2009. Det er likevel forventa ein skattevekst for kommunane på 5,9 prosent. Dette har med at skatteveksten er forventa å bli relativ god i 2010.

#### Meirskattevekst i 2009

Skatteinntektene er no rekna til å bli 1,2 milliardar kroner meir enn det som vart lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Kostnadsveksten (deflatoren) er uendra, framleis rekna til 4,1 prosent for 2009. Denne meirskatteveksten får kommunane behalda i 2009, men den vert ikkje vidareført i 2010. Dette fører til at den reelle inntektsauka i 2009 blir større en det som vart lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. For kommunane sin del ligg dei an til å få ytterligare 950 millionar kroner i skatteinntekter i 2009. Målar vi reell vekst i forhold til desse tala, som omtalast som rekneskap 2009, kjem den reelle veksten i frie inntekter på om lag 3 milliardar kroner i 2010.

Dette gir også nye overslag for 2009. Den reelle veksten i kommunesektorens samla inntekter i 2009 er no rekna til å bli om lag 11,4 milliardar kroner, eller 4 prosent. Realveksten i dei frie inntektene er no rekna til om lag 6,1 milliardar kroner, tilsvarande 3 prosent. Regjeringa poengterar at veksten i 2009 har vore så sterk, at den legg til rette for ein betre økonomisk balanse hjå kommunane, samstundes som det kommunale tenestetilbodet har vorte ytterligare forsterka.

#### Ressurskrevjande tenestemottakarar

I tillegg til meirskatteveksten, har utbetalinga til ressurskrevjande tenestemottakarar auka frå om lag 3 milliardar kroner i 2008, til 4 milliardar kroner i 2009. Det har vore ei auke i talet på ressurskrevjande tenestemottakarar i ordninga på 17,6 prosent i 2009. Samstundes har utgiftene utover innslagspunktet auka med 10 prosent reelt. Denne sterke utgiftsveksten har ført til at regjeringa har foreslått endringar i ordninga:

- Overslag på auke i tenestemottakarar er i 2010 er satt til 8,1 prosent.
- Overslag på realauke av utgiftene per mottakar, er satt til 3,9 prosent i 2010.
- Kompensasjonen utover innslagspunktet blir redusert frå 85 til 80 prosent.
- Innslagspunktet blir justert opp med 3,6 prosent, til 865 000 kroner.

Bli endringane ved denne ordninga vedtatt, vil det påverke kommunane sin økonomi allereie i 2009. Det har å gjere med at kommunane skal inntektsføre pengane frå ordninga

det året utgiftene oppstår. Refusjon frå staten kjem på si side først året etter. Derfor vil endringane i ordninga gi effekt for kommunane i 2009. Til tross for endringane vil ordninga gi ein realauke på om lag 5,4 prosent frå 2009 til 2010.

#### Barnehagar

Regjeringa held fram med satsinga på barnehagar. Frå 2009 er det innført ein lovfesta rett til barnehageplass. Regjeringa tar no sikte på å innføre ein femårig opptrappingsplan for å sikre likeverdig behandling av alle barnehagar. Kunnskapsdepartementet tar derfor sikte på å auke minimumsforpliktinga frå 85 til 88 prosent til ikkje-kommunale barnehagar. Det blir gitt 82 millionar kroner til dette. Regjeringa vil vidareføre ein maksimalpris på kroner 2 330 per måned. Dette vil utgjere om lag 203 millionar kroner i 2010. Til slutt er det lagt til rette for etablering av om lag 7 200 nye barnehageplassar, som skal gi rom for 5 500 fleire barn i barnehagane. Dette er kostnadsberekna til om lag 463 millionar kroner i 2010.

#### Helse og omsorg

Som nemnt tidligare er der foreslått å auke dei frie inntekter med 230 millionar kroner for å styrke arbeidet med førebyggjande helsetiltak i kommunane i samband med samhandlingsreforma. Dette skal mellom anna bidra til betre helse i hjå folk, førebygge sjukdom og sjukdomsutvikling, avgrense unødige innleggingar på sjukehus og redusere behandlingsbehov. Det er òg forslag om å halde fram med å gi 33 millionar kroner til utvikling av lokalmedisinske sentra og samarbeid mellom kommunar og helseføretak, 8 millionar kroner til sjukestueprosjekt, 50 millionar kroner til samhandling mellom kommunar og distriktpspsykiatriske sentre og 5 millionar kroner til samhandlingstiltak innanfor rusfeltet. Alle ein del av samhandlingsreforma.

Investeringsstilskotet til omsorgsbustadar og sjukeheimar i samband med Omsorgsplan 2015, får ei tilskotsramme på 2 500 nye plassar i 2010. Den totale målsettinga på 12 000 nye plassar i perioden 2008-2015 er uendra. Talet på nye plassar blir likt med 2009.

Opptrappingsplan for rusfeltet blir styrka med 150 millionar kroner. Plana, med tiltak innanfor førebygging, behandling og rehabilitering i rusfeltet, varar ut 2010. Styrkinga skal gje oppfølging av plana, slik at rusfeltet samla er styrka med 835 millionar kroner i perioden 2006-2010.

#### Integrering

Ramma for integreringstilskotet blir auka frå 3,46 milliardar i 2009, til 4,23 milliardar i 2010. Årsaka er i all hovudsak at talet på personar som skal busettast har auka mykje frå 2009 til 2010. Tilskotet vart òg styrka ved at satsane auka med 5 000 i revidert nasjonalbudsjett i 2009. For 2010 blir satsane 574 300 kroner for vaksne og 554 300 kroner for barn. Kommunane har meldt inn at utgifter knytt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap kjem dei første 2-3 åra ein person er i Noreg. Difor vert tilskotet til opplæring gjort om frå å vere femårig, til å bli treårig.

#### Innlemming av øymerka tilskot

Krisetiltak som eit ledd i arbeidet med å førebygge kjønnslemlesing er føreslått lagt inn i rammetilskotet med 1,5 millionar kroner frå 2010. Pengane skal dekke frivillige underlivsundersøkingar som skal utførast av kommunehelsetenesta. Tilskot til lokale vilttiltak vert lagt inn i rammetilskotet. Kommunane skal i utgangspunktet sjølv dekke driftsutgiftene til viltforvaltninga. Dette var varsla i kommuneproposisjonen for 2008 at tilskotet skulle trappast gradvis ned fram mot 2010.

### Forsterka skatteutjamning

I tråd med det som er sagt tidligare, aukar skatteutjamninga frå 57 til 59 prosent i 2010. I 2011 blir skatteutjamninga 60 prosent. Dette er i tråd med dei endringane i inntektssystemet som vart fatta i fjor.

### **Kommunane i Møre og Romsdal**

Kommunal- og regionaldepartementet utarbeidar fylkesflak kvart år i samband med statsbudsjettet. Fylkesflaket for Møre og Romsdal finn de på vår heimeside ([www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no)). Vi vil her kort gå gjennom dei mest relevante tala frå fylkesflaket og grønt hefte (berekningsteknisk dokumentasjon til Prop. 1 S). Grønt hefte ligg ute på heimesida til Kommunal- og regionaldepartementet.

Fylkesflaket syner at det på landsbasis er lagt til grunn ein nominell vekst i kommunane sine frie inntekter på 4,7 prosent i høve til RNB og 4,1 prosent i høve til førebelse tal for rekneskapen 2009. Dei same tala for kommunane i Møre og Romsdal syner høvesvis 5,1 prosent og 4,5 prosent. Med andre ord ligg kommunane her i fylket an til å få ein noko større nominell vekst i 2010 enn landet elles. Fylkesflaket syner òg ein oversikt over utgiftskorrigerte frie inntekter i 2008. Den syner at kommunane i Møre og Romsdal hadde i snitt 97 prosent av landsgjennomsnittet. Altså noko mindre i frie inntekter når ein korrigerar for den einskilde kommune sine pårekna kostnadar ved tenesteproduksjonen.

Alle veksttala er korrigert for oppgåveendringar, regelendringar og endringar i finansiering mellom forvaltningsnivåa. Ein må òg presisere at eigedomsskatt og konsesjonskraftinntekter ikkje er med i tala for frie inntekter. Vidare er skatteveksten rekna ut med utgangspunkt i skattefordelinga i 2008. Den er framskreve med det samla skatteoverslaget for 2010 og innbyggjarar per 1. januar 2009. Alle kommunar har dermed blitt gitt den same skatteveksten for 2010.

### **Lokale skjønnsmidlar**

Møre og Romsdal fylke har tildelt lokale skjønnsmidlar for 2010. Også desse tala kjem fram i berekningsteknisk dokumentasjon til Statsbudsjettet (grønt hefte). Vi vil her gi ein litt nærare omtale av årets tildeling..

Dei lokale skjønnsmidlane skal ta omsyn til utgiftskrevjande forhold av tyding som kommunane sjølv ikkje kan påverke, og som ikkje er fanga opp i inntektssystemet. Skjønnsstilskotet er ein del av kommunane sine frie inntekter, og kommunane står derfor fritt i bruken av dei. Like fult har vi knytt tildelinga til særskilte forhold for at grunngjevinga skal kome tydligare fram.

Vi har bedt kommunane kome med innspel i forkant av tildelinga. Samstundes har vi hatt dialog med ulike fagavdelingar internt for best mogleg å fange opp særskilte forhold i dei 36 kommunane i fylket. Vi har i år mottatt innspel frå 24 kommunar. Ein skulle ønskje at fleire kommunar sendte oss innspel.

Det er viktig å presisere at det er ingen kommunar som har krav på skjønnsmidlar. Tildelinga kan i enkelte tilfeller variere mykje frå år til år. Men det er nokre forhold som gir tilskot til over ein lengre periode. Der er nok ein større del av tilskotet som er av midlertidig karakter i årets tildeling, enn kva det vart lagt opp til i fjor.

Vedlagt tabell syner 14 kolonner. Først har vi kolonnen "Sum grønt hefte". Den syner tildelte skjønnsmidlar i statsbudsjettet. Ser ein bort frå dei fem kommunane som er i Robek, er denne summen identisk med kolonne 3 "Sum kommune", og syner sum ordinære

skjønsmidlar 2010. For kommunar som er i Robek, har vi haldt tilbake ein del av tildelinga knytt til gjennomføring av forpliktande plan. Kommunar på Robek-lista har ikkje fått ekstra tildeling grunna at dei er på Robek. Men vi har halde tilbake noko av tildelinga for å sikre gjennomføring av forpliktande plan.

I dei siste elleve kolonnane har vi splitta opp tildelinga ("Sum kommune") etter ulike kriterium. Kolonne fire syner kompensasjon differensiert arbeidsgivaravgift til dei kommunane som framleis har høgare sats enn før omlegginga. Dette er tal berekna av Kommunal- og regionaldepartementet. Nesset kommune har vist at dei har fått litt for lite kompensert så langt, og har fått kompensert denne differansen. Aukra kommune får ikkje skjønsmidlar i år, grunna deira særeigne økonomiske stilling.

"Endring IS" og "Språkdelling" vart lagt inn i basisramma i fjor. Vi har valt å redusere kompensasjon for endring i inntektssystemet frå 2002-2006 med 1/3 i forhold til i fjor, med sikte på å trappe denne ned over tre år. Det kan bli aktuelt å kutte tildeling etter dette kriteriet ytterligere til neste år, men det vil vi først ta stilling til neste år. Språkdelling er ein kompensasjon til kommunar med særlege utgifter til språkdelling i skulen. Vi har redusert denne med ¼ i forhold til i fjor. Til neste år ønskjer vi å få eit nytt datagrunnlag for språkdelling.

"Eldreskjønn handlingsplan eldre" var eit øymerka tilskot til kommunar som vart overført til skjønsmidlane. Vi har vidareført denne tildelinga også i år.

Sju kommunar har fått tildeling knytt til areal verna etter naturvernloven, og seks kommunar har fått tildeling knytt til den nasjonale rovviltpolitikken. Dette er kommunar som har særskilte utgifter knytt til forvaltning av samfunnet sine fellesressursar som ikkje blir fanga opp i inntektssystemet.

Kolonne 10 syner ein samlepost mellom anna for oppvekst, pleie og omsorg og sosialtenestene. Vi har valt å presentere dette samla for at tildelinga ikkje skal kunne påføre sårbare tenestemottakar noko form for ubehag. Vi har prøvd å kompensere kommunar som har særskilte utgifter til mellom anna barnevern, spesialundervisning, ressurskrevjande brukarar, HVPU-reforma, pleie og omsorg, barnehage og skyss av helsepersonell.

Kolonna "Beredskap" syner tildeling til kommunar som har tatt på seg ekstra utgifter til drift av Beredskapssenteret IKS på Stranda. Dette er ein støtte til dei kommunane som har tatt på seg driftsutgiftene til Beredskapssenteret, samt eit tilskot til Rauma kommune i samband med beredskapssituasjonen grunna fjellet Mannen. Dette tilskotet vert ikkje automatisk vidareført til neste år. Vi må sjå kva som skjer med ansvarsfordelinga for drifta til neste år. Dersom kommunane får tilskot til neste år, må kommunane vere førebudd på at tilskotet blir redusert.

Under "spesielle saker" har vi gitt eit særskilt tilskot til Volda kommune grunna at dei sitt igjen med eit ansvar for å rydde opp etter konkursen til olivinbruddet i Dalsfjorden. Stranda kommune har fått ei tildeling grunna utarbeiding av kommunedelplan vasskraft. Vestnes kommune har fått ei tildeling grunna særskilte utfordringar knytt til miljøvennleg tettstadsutvikling. Fire kommunar har fått tilskot grunna overvåkingsprosjekt av Sunndalsfjorden/Tingvollsfjorden. Sunndal kommune har fått tilskot grunna at dei starta utbygging av omsorgsbustadar for tidlig for å få tilskot gjennom "Omsorgsplan 2015". Dette er eit tildeling av midlertidig art, og kommunen kan ikkje forvente at dei får tilsvarende tildeling i 2011. Men vi vil heller ikkje no heilt utelukke at kommunen vil få ein kompensasjon grunna dette òg til neste år. Rindal kommune har fått ei særskilt tildeling grunna at dei har gjennomført omfattande endringar ved renseanlegget etter nedlegging av meieriet.

Nest siste kolonne syner ekstra skjønnsmidlar til inntektssvake kommunar i Sør-Noreg som ikkje får distriktpolitiske tilskot i 2010. I år har vi fordelt om lag halvparten av dette etter eit fast beløp til dei aktuelle kommunane, og den siste halvparten etter folketalet 1.juli.2009. Endelege summer er runda av. I fjor var summer ein million kroner meir, og vi måtte fordele dei etter at statsbudsjettet vart lagt fram. Da var anslag på utgiftskorrigerte inntekter for neste år kjent, og vi fordelte desse pengane skjønsmessig etter dei anslaga. Vi har derfor blitt tvungen til å endre måten å fordele dette tilskotet på i år, da vi ikkje kjente overslag på utgiftskorrigerte frie inntekter ved tildelingstidspunkt.

Til slutt har vi ei generell vurdering som i all hovudsak er basert på skjønsmessig vurdering. Her har vi mellom anna sett på økonomiske utfordringar, ikkje minst kommunar med særskilt svak skatteutvikling. Vi har her også forsøkt å ta omsyn til kommunar med spesielle utfordringar av kortsiktig karakter. Dette er ein post som vil varierer frå år til år, men vi tar her også omsyn til at kommunar ikkje skal få dramatiske reduksjonar i skjønnsdelingars dersom dette ikkje er naturleg eller kjent.

Vi ber kommunane ta kontakt med oss dersom noko skulle vere uklart. Vi vil snarlig sende ut eit brev om krava til neste års budsjett og økonomiplan. I samband med det brevet vil vi tilby kommunar som er registrert i Robek eit oppfølgingsmøte.

Med helsing



Marit Heggståd  
avdelingsdirektør



Terje Tveiekrem Sæter  
rådgivar

Vedlegg: Tabell ordinært skjønn 2010

Kopi:

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS  
Kommunerevisjonsdistrikt nr 2 i Møre og  
Romsdal  
Distriktsrevisjon Nordmøre  
Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 i Møre og  
Romsdal

Postboks 143 Rådhuset  
Rådhuspl. 1

6067 Ulsteinvik  
6413 Molde

Kaibakken 1  
Postboks 7734 Spjelkavik

6509 Kristiansund N  
6022 ÅLESUND

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 16.03.2010

**SAK 06/10**  
**KONTROLLRAPPORT 2009 VEDKOMANE SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN**  
**I SANDØY KOMMUNE**

Som vedlegg følgjer:

- Kontrollrapport 2009 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Sandøy kommune

Staten har frå 01.07.2004 teke over det totale ansvaret for kontroll og revisjon med skatteoppkrevjarfunksjonen. Riksrevisjonen har ansvaret for den formelle revisjonen av skatterekneskapen, mens oppfølginga av den interne kontroll hos skatteoppkrevjar, blir utført av skattefuten.

I brev av 21.02.2005 kjem Skattedirektoratet med ei anbefaling til ny ordning for behandling av skatterekneskapen. Etter den nye ordninga er det føresett at dei kommunevise skatterekneskapa blir avgjeve ovanfor Skattedirektoratet v/skattefuten. Skatterekneskapen blir sett på som ein delrekneskap til Skatteetaten sin samla rekneskap. Den formelle revisjon er tillagt Riksrevisjonen, og vert utført som ein del av Riksrevisjonen sin kontroll av Skatteetaten si samla verksemd.

Riksrevisjonen sine konklusjonar etter den årlege revisjonen av skatterekneskapa vil bli kommunisert til Skattedirektoratet i avsluttande revisjonsbrev. Vesentlege og prinsipielle forhold vil i samsvar med gjeldande lover og reglar bli rapportert til Stortinget. Stortinget foretar desisjon (godkjenning) av Skatteetaten sitt samla rekneskap. Skattedirektoratet ser det difor ikkje lenger som naturleg at kommunestyret skal foreta ein formell desisjon av kommunen sitt skatterekneskap.

Etter ”*Midlertidig instruks for skattefogdens kontroll av skatteregnskapet*” skal skattefuten innan den 15. februar året etter rekneskapsåret utarbeide ein kontrollrapport for skatteoppkrevjarfunksjonen i den enkelte kommune. Denne omfattar også rekneskapskontrollen som blir utført av skatteetaten. Rapporten blir sendt til kommunestyret i den enkelte kommune med kopi til fylkeskommunen, Skattedirektoratet, Riksrevisjonen, skatteoppkrevjar og kommunen sitt kontrollutval.

Kommunestyret/kontrollutvalet skal etter det som er nemnt ovanfor ikkje lenger behandle sjølve skatterekneskapen, men får ved kontrollrapporten ei tilbakemelding på om skatteoppkrevjarfunksjonen blir utført på ein tilfredsstillande måte. Rapporten inneheld også eventuelle forslag til tiltak og forbetningspunkt. Skattedirektoratet set ingen formelle krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalet, men føreset at kommunen følgjer opp eventuelle tiltak og forbetningspunkt.

Skatteetaten vil normalt ikkje møte ved ei eventuell behandling av kontrollrapport/skatterekneskap som kommunestyresak.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

#### **v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Sandøy kommune datert 11.02.2010 frå Skatteetaten til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar





Kommunestyret i Sandøy kommune

6487 HARØY

## Kontrollrapport 2009 vedrørende skatteoppkreverfunksjonen i Sandøy kommune

Vi har gjennomført kontroller knyttet til skatteoppkreverfunksjonen for Sandøy kommune for 2009. Regnskapet viser per 31. desember 2009 en skatte- og avgiftsinngang<sup>1</sup> til fordeling mellom skattekreditorene (etter fradrag for avsetning til marginkonto) på kr 144 454 519 og utestående restanser<sup>2</sup> på kr 1 738 570. Skatteregnskapet er avgitt av kommunens skatteoppkrever den 21. januar 2010.

### 1. Oppgaver og kontroll

Grunnlaget for skatteetatens kontroll av skatteoppkreverfunksjonen er "*Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne*" av 29. november 2007.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkreverfunksjonen utøves tilfredsstillende i henhold til gjeldende regelverk på følgende områder:

- Ressurser og tilpasset organisering
- Regnskapsføring, rapportering og avleggelse av skatteregnskapet
- Skatte- og avgiftsinnkreving
- Arbeidsgiverkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkreverfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgavene med kontroll av skatteoppkreverfunksjonen.

### 2. Omfanget av kontrollen

Skattekontoret har i 2009 ikke gjennomført stedlig kontroll av skatteoppkreverkontoret. Siste stedlige kontroll ble avholdt 17.09.2007.

Skattekontoret har i 2009 gjennomført kontorkontroll av skatteoppkreverkontoret for områdene skatteregnskap, innkreving og arbeidsgiverkontroll.

<sup>1</sup> Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorene

<sup>2</sup> Sum åpne (ubetalte) forfalte debetkrav

### 3. Resultat av utført kontroll

Basert på utført kontroll mener skattekontoret følgende:

- **Ressurser og tilpasset organisering**

Etter en samlet vurdering finner skattekontoret at skatteoppkreverkontoret er organisert slik at gjøremålene i henhold til skatteoppkreverinstruksen kan utføres tilfredsstillende. Skattekontoret har ingen spesielle anmerkninger til kontorets ressursituasjon.

Det anmerkes imidlertid at det er avdekket følgende vesentlige forhold hvor gjeldende lov, forskrift eller instruks ikke er overholdt:

- Skatteoppkrever har ikke sendt inn virksomhetsplan for 2009. Etter skatteoppkreverinstruksens § 2-2 nr. 2 skal skatteoppkreveren som en del av den interne kontrollen utarbeide virksomhetsplan for kontorets virksomhet.
- **Regnskapsføring, rapportering og avleggelse av skatteregnskap**

Etter en samlet vurdering finner skattekontoret at regnskapsføringen, rapporteringen og avleggelsen av skatteregnskapet i det alt vesentlige er i samsvar med gjeldende regelverk og gir et rettvise uttrykk for skatteinngangen i regnskapsåret.


- **Skatte- og avgiftsinnkrevingen**


Etter en samlet vurdering finner skattekontoret at utførelsen av innkrevingsarbeidet og oppfølgingen av restansene i det alt vesentlige er i samsvar med gjeldende regelverk.

- **Arbeidsgiverkontroll**

Etter en samlet vurdering finner skattekontoret at utførelsen av arbeidsgiverkontrollen i det alt vesentlige er i samsvar med gjeldende regelverk, retningslinjer og utføres i tilstrekkelig omfang.

Vennlig hilsen

  
Rune Langsø Johansen  
Avdelingsdirektør  
Innkrevingsavdelingen  
Skatt Midt-Norge

  
Stein-Ove Hjortland

Kopi til:

- Kontrollutvalget i Sandøy kommune
- Nordre Sunnmøre kemnerkontor
- Riksrevisjonen
- Skattedirektoratet